



## Møteprotokoll for Arbeidsmiljøutval

**Møtedato:** 25.05.2020  
**Møtestad:** Formannskapsrommet  
**Møtetid:** 09:00 - 11:00

### 3. Orienteringssaker:

- Orienterer om val av hovudverneombod
- Orienterer om HMS-kurs for verneomboda, jfr. koronasituasjon
- Sjukefråver 1. kvartal 2020, status.
- Status avvik første kvartal 2020.
- Status nytt nærings- og tenestesenter

### 4. Drøftingssaker:

- Korleis opplever tilsette og arbeidsgjevar koronasituasjonen i Modalen kommune m.o.t. arbeidsmiljø?
- Kva er ein nøgd med?
- Kva kan bli betre?
- Korleis vurderer AMU status for arbeid med avviksmeldingar? Virkar det slik tenkt, eller treng det meir innsats?
- Kva vurderer AMU som det viktigaste området for Modalen kommune å arbeide med i tida framover?

### 5. Eventuelt

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Imsland	SO	Utvalseiar	
Kari Øvretveit		Arbeidstakerrep.	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Anne Britt Almelid	SA	Arbeidstakerrep.	meld forfall

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kristin Meiling		Varamedlem	Arbeidstakarrepr.

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Anneli Vatle Lilletvedt		Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
004/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/2020	Godkjenning av møteprotokoll
006/2020	Orienteringssaker
007/2020	Drøftingssaker

**Notat frå møtet:**

004/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

005/2020: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

006/2020: Orienteringssaker

Behandling:

Ove Sæbø orienterte om at Tom K. Imsland i mars 2020 vart valgt til hovudverneombod. HMS-kurs for nye verneombod er utsatt til bedriftshelsetenesta kan gjennomføre kurs, jfr. koronasituasjonen. Enn så lenge har dei 2 verneomboda det gjeld fått tilbod om nettkurs, men med krav om gjennomføring av godkjent 40-t kurs når forholda tillet det.

Ove orienterte om sjukefråversprosenten for kommunen som heilskap i første kvartal 2020. AMU ber om at leiar for pleie og omsorg på neste AMU-møte orienterer om status og tiltak. AMU viser til kommunen si HMS-målsetjing som seier: *I avdelingar som har sjukefråver høgare enn 6,5 % over ein periode på 6 mnd, skal leiar utarbeide skriftlege tiltak for å søkje å redusere sjukefråveret.*

Ove orienterte om at det for 1. kvartal er registrert 4 avvik i kommunen sitt avvikssystem. AMU ber om at alle leiarar informerer sine tilsette - med tett oppfølging, slik at det vert ein del av kulturen å melde avvik. AMU registrerer gjennom ulike observasjonar at det er grunnlag for å tru at det vert meldt for få avvik. AMU ynskjer at leiarane skal fortsetje å trene/øve med sine tilsette, samt ufarleggjere avviksmelding. Venke Osnes frå bedriftshelsetenesta understrekar å sikre dobbelkrinslæring.

Status nytt nærings- og tenestesenter. Ove orienterte om behovet for gode arbeidsplassar for tilsette i administrasjonen, og at eit evt nytt bygg vil kunne sikre dette. AMU viser til at det evt. må sikrast gode arbeidsforhold for dei tilsette også dersom det ikkje vert bygd nytt hus. Sak til formannskapet og kommunestyret i juni 2020.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

007/2020: Drøftingssaker

Behandling:

1. Korleis opplever tilsette og arbeidsgjevar koronosituasjonen i Modalen kommune m.o.t. arbeidsmiljø?  
Kva er ein nøgd med?  
Kva kan bli betre?

Fagforbundet veldig nøgd med informasjon gjeven til sine medlemmar frå pleie og omsorg, skule og barnehage mm.

Anneli Lilletvedt viste til møter i kriseleiinga 2 gonger i veka kor leiarane var tett på det meste som gjekk føre seg i kommunen.

Tom K. Imsland peika på at opning av skulen då 5. klassinga og oppover kom tilbake kom litt brått på, og at verneombodet burde vore tatt med i planlegginga. Han hadde motte mange spørsmål frå tilsette og foreldre i samband med tilbakekomsten. Kari Øvretveit var noko kritisk til at det var for lite tid til å planleggje tilbakekomsten, kantinebruken, og at det burde vore faste møter mellom leiing, VO og HTV/ATV.

Ove trakk fram at det er ein viktig del av kommunen sin organisasjonsstruktur å gjennomføre faste møter med VO og TV. her kan ein adressere uvisse og sikre god kommunikasjon ut til øvrige tilsette.

Venke Osnes (BHT) oppmoda om å gjennomføre evalueringar/oppfølgingsmøte no for drøfte status og erfaringar. Kva er status no, og kva skjer framover - risikovurdere.

AMU bad om at det til neste møte vert orientert om skriftleg frå leiarane koreis dei ser føres eg at samarbeidet med tilsette vert best mogleg.

2. Korleis vurderer AMU status for arbeid med avviksmeldingar? Virkar det slik tenkt, eller treng det meir innsats?

Dette punktet vart ikkje drøfta utover gjennomgang av avviksmeldingar under orienteringar.

3. Kva vurderer AMU som det viktigaste området for Modalen kommune å arbeide med i tida framover?

- sikre nytt bygg til administrasjonen - gode arbeidsplassar samt god tilgenge for innbyggjarar.
- sikre best mogleg arbeidsmiljø for tilsette.
- oppdatere/sikre at tilsette er godt kjent med etiske retningsliner.
- felles tur/opplevingar for heile personalet.
- Etterspørje/registrere viktige aktivitetar leiarar skal følgje opp i sine einingar.

Vedtak:

---